

# Saksprotokoll

---

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtedato:** 14.12.2015  
**Arkivsak:** 15/1144

---

**Sak:** 101/15

## **SAKSPROTOKOLL: BUDSJETT 2016 OG ØKONOMIPLAN 2016 - 2019**

### **Formannskapet 30.11.2015 sak 90/15**

#### **Formannskapet si einstemmige TILRÅDING til kommunestyret:**

1. A Forslag til budsjett for 2016 for fellesinntekter/-utgifter (herunder skatt, rammetilskot, andre statstilskot, renter, avdrag, utbyte, avsetjingar og overføringar til kapitalrekneskapen og reserverte tilleggsløyvingar), skjema 1A, vert godkjent.  
  
B Forslag til *nettoramme* for kvart rammeområde for 2016 og retningsgjevande rammer 2017-2019, slik det framgår av skjema 1B, vert godkjent.  
  
C Forslag til investeringsbudsjett 2016, og retningsgjevande plan for investeringar 2017-19, skjema 2B, vert godkjent.  
  
D Forslag til finansieringsplan for 2016, og retningsgjevande plan for finansiering 2017-2019, skjema 2A, vert godkjent.
2. Forskotsskatt og forskotstrekk på formue og inntekt vert rekna etter dei maksimale satsar Stortinget vedtek for 2016.
  - Skatt på inntekt 11,8 %
  - Skatt på formue 0,7 %
3. A Til finansiering av investeringar i 2016 vert det godkjent eit samla låneopptak på kr 121.144.000,- som fordeler seg slik:

1. Ordinære investeringar.....	kr 54.944.000,-
2. VAR-investeringar.....	kr 8.000.000,-
3. Bustader Husbanken.....	kr 33.200.000,-
4. Lån til vidare utlån frå Husbanken (Startlån)	kr 25.000.000,-

  
B Nedbetalingstid på lån 2016-2019, ekskl. lån i Husbanken, skal ikkje overskride 20 år. Nedbetalingstid på lån i Husbanken skal ikkje overskride 25 år.  
  
C Låneopptaka vert gjort i samsvar med retningslinjer og innanfor fullmakter i gjeldande finansreglement sist vedteke 15.06.2015.  
  
D I medhald av forskrift om startlån frå Husbanken krev Klepp kommune inn eit administrasjonsgebyr på 0,25 % pr. utlån.
4. A Framlegg til mål 2016 vert godkjent.

B Under område økonomi vert lagt til grunn følgjande mål – i % av driftsinntektene:

1. Netto driftsresultat i % av driftsinntektene: > 1,5 %
  3. Lånefinansiering i % av finansieringsbehov < 70 %
  4. Disposisjonsfond i % av driftsinntektene > 5 %
  5. Netto lånegjeld (langsiktig gjeld – utlån - ubrukte lån) i % av driftsinntektene < 60 %
5. Kommunale avgifter/gebyr og betalingssatsar vert vedtatt i samsvar med vedlegg.
  6. Budsjett for Brannvesenet i Sør-Rogaland IKS vert justert med deflator på 3 %. Budsjettforslaget reflekterer eigarkommunane sitt økonomiske handlingsrom i komande planperiode. Endringar påfølgande år er basert på K-sak 33/14. Dei styrande organa i selskapet må føreta nødvendige prioriteringar innanfor driftsramma for å sikre forsvarleg drift og beredskap.
  7. Kommunestyret ber om ei sak om gradvis overgang til el-bilar av den kommunale bilparken.
  8. Kommunestyret ber om at kompetanseheving innan tenesteområde helse og velferd blir betre kjent.
  9. Klepp kommune har mål om 50 % barnehagelærarar i 2020.
  10. Kommunestyret ber om at det blir utarbeidd ein intensjonsavtale mellom Klepp kommune og Klepp kyrkjelege fellesråd angående ny kyrkje på Kleppe.
  11. Kommunestyret ber administrasjonen sjå arbeidet med ny framtidig idrettshall på Kleppe i samanheng med skuleutfordringa på Bore og Kleppe.
  12. Kommunestyret ber etat for lokal utvikling om å vurdere å leggja tilrette for rullestolar i Kleppeloen.
  13. Forslag til budsjett 2016 og økonomiplan 2016-19 for Klepp kommune vert godkjent.

#### **Driftsbudsjettet:**

- **Midlar til tiltak mot barnefattigdom i h.h. til vedtatt plan:**

- Kr 300 000 i 2016
- Kr 400 000 i 2017

- **Midlar til idrettskonsulent:**

- Kr 300 000 i 2016
- Kr 400 000 i 2017

- **Investeringsbudsjettet:**

- Det vert lagt inn kr 1 million til ny kyrkje på Kleppe i investeringsbudsjettet for 2019. Lånopptak vert justert tilsvarende.

#### **Kommunestyret si behandling:**

*Forslag frå Thorbjørg I. Kristjansdottir -mdg*

Endring i målkartet - Tydeleg miljøprofil :

Setninga vert endra frå: Produksjon av matvarer frå landbruket i Klepp skal auka.

Til: Produksjon av *økologiske* matvarer frå landbruket i Klepp skal auka.

*Forslag frå Vidar Haugland -h*

Endring / presisering av tekstforslag punkt 9:

Klepp kommune har mål om at i 2020 skal 50% av dei tilsette i barnehagane vera utdanna barnehagelærarar.

*Forslag frå Børge Brunnes -v*

Forslag 1 - Investeringsbudsjettet:

1 million blir fjerna frå ny kyrkje i investeringsbudsjettet for 2019.

*Forslag frå Børge Brunnes -v*

Forslag 2 - Driftsbudsjettet:

Auka midlar til støtte drift idrettshall

Kr 120.000 i 2016

Kr 120.000 i 2017

Kr 120.000 i 2018

Kr 120.000 i 2019

*Kommunestyret hadde gruppemøte:*

*Sigmund Rolfsen -a*

Formannskapet si einstemmige tilråding punkt 10 går ut.

*Forslag frå Sigmund Rolfsen -a*

4 millionar avsett til kyrkje i 2016, 2017, 2018 og 2019 blir overført til avlastningsbustad for unge med 4 millionar.

*Forslag frå Arne Madland -frp*

Utsette riving av meieriet til 2017, og styrke budsjettet "Ny skule" i 2016 med 5 millionar.

**Votering:**

Forslaget frå Vidar Haugland -h, endring i punkt 9, fekk 31 stemmer.

Forslaget frå Sigmund Rolfsen -a, formannskapet si einstemmige tilråding punkt 10 går ut, fekk 6 stemmer, ap og v. Forslaget falt.

Forslaget frå Thorbjørg I. Kristjansdottir -mdg fekk 2 stemmer, v og mdg. Forslaget falt.

Forslag 1 frå Børge Brunnes -v fekk 3 stemmer, v, mdg og Marianne Øvregaard -sp. Forslaget falt.

Forslag 2 frå Børge Brunnes -v fekk 5 stemmer, v, mdg, Marianne Øvregaard -sp, Kjetil Maudal -frp og Bernt Thomas Falkum -frp. Forslaget falt.

Forslaget frå Sigmund Rolfsen -a fekk 7 stemmer, ap, v og mdg. Forslaget falt.

Forslaget frå Arne Madland -frp fekk 11 stemmer, frp og a. Forslaget falt.

*Det blei så votert over:*

Formannskapet si einstemmige tilråding punkt 1 - 8, og punkt 11 og 12 fekk 31 stemmer.

Formannskapet si einstemmige tilråding punkt 13 fekk 31 stemmer.

**KOMMUNESTYREVEDTAK:**

Med alle stemmer blei vedtatt:

1. A Forslag til budsjett for 2016 for fellesinntekter/-utgifter (herunder skatt, rammetilskot, andre statstilskot, renter, avdrag, utbytte, avsetjingar og overføringar til kapitalrekneskapen og reserverte tilleggsløyvingar), skjema 1A, vert godkjent.
- B Forslag til *nettoramme* for kvart rammeområde for 2016 og retningsgjevande rammer 2017-2019, slik det framgår av skjema 1B, vert godkjent.
- C Forslag til investeringsbudsjett 2016, og retningsgjevande plan for investeringar 2017-19, skjema 2B, vert godkjent.
- D Forslag til finansieringsplan for 2016, og retningsgjevande plan for finansiering 2017-2019, skjema 2A, vert godkjent.
2. Forskotsskatt og forskotstrekk på formue og inntekt vert rekna etter dei maksimale satsar Stortinget vedtek for 2016.
  - Skatt på inntekt 11,8 %
  - Skatt på formue 0,7 %
3. A Til finansiering av investeringar i 2016 vert det godkjent eit samla låneopptak på kr 121.144.000,- som fordeler seg slik:
 

1. Ordinære investeringar.....	kr 54.944.000,-
2. VAR-investeringar.....	kr 8.000.000,-
3. Bustader Husbanken.....	kr 33.200.000,-
4. Lån til vidare utlån frå Husbanken (Startlån)	kr 25.000.000,-
- B Nedbetalingstid på lån 2016-2019, ekskl. lån i Husbanken, skal ikkje overskride 20 år. Nedbetalingstid på lån i Husbanken skal ikkje overskride 25 år.
- C Låneopptaka vert gjort i samsvar med retningslinjer og innanfor fullmakter i gjeldande finansreglement sist vedteke 15.06.2015.
- D I medhald av forskrift om startlån frå Husbanken krev Klepp kommune inn eit administrasjonsgebyr på 0,25 % pr. utlån.
4. A Framlegg til mål 2016 vert godkjent.
- B Under område økonomi vert lagt til grunn følgjande mål – i % av driftsinntektene:
  1. Netto driftsresultat i % av driftsinntektene: > 1,5 %
  3. Lånefinansiering i % av finansieringsbehov < 70 %
  4. Disposisjonsfond i % av driftsinntektene > 5 %
  5. Netto lånegjeld (langsiktig gjeld – utlån - ubrukte lån) i % av driftsinntektene < 60 %
5. Kommunale avgifter/gebyr og betalingssatsar vert vedtatt i samsvar med vedlegg.
6. Budsjett for Brannvesenet i Sør-Rogaland IKS vert justert med deflator på 3 %. Budsjettforslaget reflekterer eigarkommunane sitt økonomiske handlingsrom i komande planperiode. Endringar påfølgjande år er basert på K-sak 33/14. Dei styrande organa i selskapet må føreta nødvendige prioriteringar innanfor driftsramma for å sikre forsvarleg drift og beredskap.

7. Kommunestyret ber om ei sak om gradvis overgang til el-bilar av den kommunale bilparken.
8. Kommunestyret ber om at kompetanseheving innan tenesteområde helse og velferd blir betre kjent.
9. Klepp kommune har mål om at i 2020 skal 50% av dei tilsette i barnehagane vera utdanna barnehagelærarar.
10. Kommunestyret ber om at det blir utarbeidd ein intensjonsavtale mellom Klepp kommune og Klepp kyrkjelege fellesråd angående ny kyrkje på Kleppe.
11. Kommunestyret ber administrasjonen sjå arbeidet med ny framtidig idrettshall på Kleppe i samanheng med skuleutfordringa på Bore og Kleppe.
12. Kommunestyret ber etat for lokal utvikling om å vurdere å leggja tilrette for rullestolar i Kleppeloen.
13. Forslag til budsjett 2016 og økonomiplan 2016-19 for Klepp kommune vert godkjent.